



DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Kommunestyresalen, Askøy rådhus

Dato: 29. september 2025

Klokkeslett: 09.15-12.00

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 22. september 2025

DAGSORDEN	1
Saksliste byvekstavtalen.....	1
Sak 48/25 Godkjenning av innkalling og saksliste	1
Sak 49/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 13.06.2025	2
Sak 50/25 Byutgreiinga 2025 for Bergensområdet – Milepæl 4.....	2
Sak 51/25 Utgreiing av deling av sone A.....	2
Sak 52/25 Finansiering av straksinnløyising sykkelveg.....	4
Sak 53/25 Trolleybusstilbodet i Bergen etter utløp av rutepakke Bergen sentrum.....	4
Sak 54/25 Partane har vedteke handlingsprogrammet til Miljøløftet.....	5
Sak 55/25 Orientering om misbruk av samkøyring.....	5
Sak 56/25 Dette skjer i Miljøløftet	5
Sak 57/25 Eventuelt, byvekstavtalen	5
Saksliste bypakke Bergen	5

Saksliste byvekstavtalen

Sak 48/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 49/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 13.06.2025

Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 50/25 Byutgreiinga 2025 for Bergensområdet – Milepæl 4

Sjå vedlegg 2

Det vil bli orientert om endra framdrift for Byutgreiingsarbeidet og gitt ein status på resultata frå transportanalysen. Den samfunnsøkonomiske analysen vert etter planen slutført i oktober.

Ferdig rapport vil bli send ut på høyring seinhaustes 2025, truleg i slutten av oktober 2025. Statens vegvesen ber partane om å konkretisera når høyringa kan behandlast lokalt til møtet i styringsgruppa 29. september.

Om ønskeleg kan styringsgruppa få ei orientering om ferdig rapport når denne ligg føre.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 51/25 Utgreiing av deling av sone A

Sjå vedlegg 3 og 3 a

Fylkestinget vedtok i samband med budsjettet for 2025 at sone A ikkje skulle endrast, men at det ville bli sett på moglege endringar for denne sona frå 2026. Det blei vedtatt at endringane skulle drøftast mellom partane i Miljøløftet. Føresetnaden var at endring tek omsyn til nullvekstmålet, byvekstavtaleområdet og dei store befolkningstette områda rundt Bergen kommune (vedtatt verbalpunkt 50.08 i samband med sak PS 18/2024 (budsjett og økonomiplan for 2025))

I vedlegg 3 gjer fylkeskommunen greie for eit forslag til endring som det kan vere aktuelt for fylkesdirektøren å foreslå. Det vil først bli offentleg 8. oktober om forslaget vil blir fremma, i samband med innkalling til hovudutval for samferdsle og mobilitet. **Dersom styringsgruppa ønskjer å leggje ved ein uttale til saka, vil det vere høve til dette den 29.09**, men styringsgruppa vil måtte gi slik uttale utan å kjenne fylkesdirektøren si tilråding.

Kort om innhaldet i forslaget og ulike synspunkt frå drøftingar i prioriteringsrådet

Forslaget legg til grunn nye sonegrenser for sona A som i hovudsak følgjer kommunegrensene. Vidare legg utgreiinga til grunn 50 % takstauke ved ei sonekryssing, og 100 % takstauke for etterfølgjande kryssingar.

Det kan argumenterast for at forslaget fører til **riktigare prising**. Dette er fordi dei reisande i større grad vil betale for faktisk ressursbruk. I dag er det slik at det innanfor sone A kostar det same både for svært korte og svært lange reiser.

I analysane som blir lagt fram i saka blir det vist til at forslaget vil kunne innebære

- Eit **bortfall av mellom 600 000 og 1 million reiser i året**, og bortfallet av reisande kan også auke på sikt.
- Ein auke i biltrafikken inn mot Bergen **med 600 biler per dag**. Det blir vist til at dette er talet er lågt.

- Forslaget vil kunne gje fylkeskommunen auka **inntekter** på kort sikt, men også inntektsbortfall på lengre sikt.

Prioriteringsrådet i Miljøløftet anerkjenner behovet for å drøfte utfordringar knytt til takst og sonestruktur. Under summerer vi opp ulike synspunkt som blei løfta fram i drøftinga i prioriteringsrådet 15. september 2025. Momenta kan vere eit utgangspunkt for styringsgruppa si drøfting av saka og i vurderinga av om styringsgruppa ønsker å leggje ved ein uttale til saka.

- **Det er ikkje hensiktsmessig med ei soneinndeling etter kommunegrenser fordi det ikkje nødvendigvis reflekterer kor lang reisa er.** Dette synspunktet blei grunngjeve med at kommunesentrum nær Bergen kan vere kortare i avstand til Bergen sentrum enn fleire område i Bergen kommune. Forslaget kan dermed bli oppfatta som urettferdig for dei som har korte reiser over kommunegrenser.
- Det blei også stilt spørsmål ved om det er rettferdig at dei som **bur langt frå sentrum skal betale meir for reisa**, når tilbodet er dårlegare. På den måten betalar dei meir for eit dårlegare tilbod.
- **Forslaget til endring går i mot det å arbeide saman om nullvekstmålet.** Medan partane i byvekstavtalen jobbar saman for å nå nullvekstmålet gjennom ulike tiltak, medfører dette forslaget auke i bilreiser og færre kollektivreiser.
- Det er ikkje er synleg **kva fordelar ein ny sonestruktur**, slik den er føreslått, vil ha for kommunane.
- **Det er behov for å drøfte takst.** Moment knytt til takst er
 - Drøftingar av kor mykje betaling som bør hentast ut for å oppretthalde tilbod. Det er også viktig å få fram alternativet til å auke takstane.
 - Takstane har ikkje auka i tråd med kostnadsvekst, og fylkeskommunen bruker stadig meir midlar på området.
 - Å etablere takst berre basert på avstandar, er ikkje tilstrekkeleg modent på noverande tidspunkt.
 - Trafikken aukar i Bergen kommune og det er derfor viktig å halde takstane i Bergen låge.
- Det blei peika på at det det hadde vore nyttig å få utgreidd **alternative forslag til løysning** enn det som er lagt fram.

Prioriteringsrådet kom med følgjande konklusjon etter å ha drøfta saka:

Prioriteringsrådet ser behovet for å drøfte utfordringar knytt til takst og sonestruktur. Det blei peika på utfordringar knytt til å ta omsyn til nullvekstmålet, heile byvekstavtaleområdet og dei dei store befolkningstette områda rundt Bergen kommune. Dersom fylkeskommunen ønsker å gå vidare med oppsplitting av sone A, ber prioriteringsrådet om at fleire alternativ blir vurderte. Saka blir lagt fram for styringsgruppa, til orientering og moglegheit for uttale før saka vert lagt fram for hovudutval for samferdsle og mobilitet 14.10.2025.

I denne saka legg sekretariatet fram to alternative forslag til vedtak. Om styringsgruppa ønsker å leggje ved ytterlegare eller endra uttale til saka, kan dette formulerast i møte.

Forslag til vedtak:

Alternativ 1:

Styringsgruppa tek saka til orientering.

Alternativ 2 (liknar prioriteringsrådet sin konklusjon i saka):

Styringsgruppa ser behovet for å drøfte utfordringar knytt til takst og sonestruktur. Det er utfordringar knytt til å ta omsyn til nullvekstmålet, heile byvekstavtaleområdet og dei dei store befolkningstette områda rundt Bergen kommune. Dersom fylkeskommunen ønsker å gå vidare med oppsplitting av sone A, ber styringsgruppa om at fleire alternativ blir vurderte.

Sak 52/25 Finansiering av straksinnløyising sykkelveg

Sjå vedlegg 4

Reguleringsplanane for BT5 og sykkelstamveg nordover som vart vedteke i 2023 er framleis gyldige, noko som gjev ein del grunneigarar rett til straksinnløyising ettersom bustaden er kryssa ut og føresett fjerna i gjeldande plan.

I denne saka gjer fylkeskommunen greie for korleis straksinnløyising av eigedomar har blitt finansiert tidlegare og at det per i dag ikkje er klart korleis straksinnløyising av eigedomar knytt til sykkelvegen skal finansierast vidare.

Fylkeskommunen foreslår omfordeling av fylkeskommunale midlar som i handlingsprogrammet er avsett til Klostergaten – gateopprusting. Forslaget er at dette prosjektet blir redusert med 21 mill. kr i 2026 (det er sett av 26 mill. til prosjektet i 2026) og omfordelt til straksinnløyising sykkelstamveg. Fylkeskommunen opplyser at tiltaket Klostergaten – gateopprusting har vore under prosjektering i 2024/2025, men at det truleg ikkje vil kunne koma i gong før seint i 2026.

I denne saka konkluderte prioriteringsrådet (15. september 2025) med at dei slutta seg til at Vestland fylkeskommune i 2026 nyttar inntil 21 mill. kr til straksinnløyising knytt til stamsykelvegen på strekninga Eidsvåg – Åsane terminal. Dei fylkeskommunale midlane som i handlingsprogrammet er avsett til Klostergaten - gateopprusting vert redusert med 21 mill. kr i 2026 og omfordelt til straksinnløyising stamsykelveg. Tiltaket Klostergaten - gateopprusting får dermed utsett framdrift. Saka blir med dette lagt fram for styringsgruppa for endeleg vedtak.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa sluttar seg til at Vestland fylkeskommune i 2026 nyttar inntil 21 mill. kr til straksinnløyising knytt til stamsykelvegen på strekninga Eidsvåg – Åsane terminal. Dei fylkeskommunale midlane som i handlingsprogrammet er avsett til Klostergaten - gateopprusting vert redusert med 21 mill. kr i 2026 og omfordelt til straksinnløyising stamsykelveg.*

Tiltaket Klostergaten - gateopprusting får dermed utsett framdrift.

Sak 53/25 Trolleybusstilbodet i Bergen etter utløp av rutepakke Bergen sentrum.

Sjå vedlegg 5, 5a og 5b

Med denne saka ønskjer fylkeskommunen å orientere om at fylkesdirektør i Vestland fylkeskommune har lagt fram sak til politisk handsaming, der det blir føreslått styrt avvikling av trolleybusstilbodet i Bergen. Saka er handsama i hovudutval for samferdsle og mobilitet og skal handsamast i fylkesutvalet og fylkestinget.

Sidan utbygginga av trolleylinje til Lyngbø blei finansiert med fylkeskommunale midlar forankra i byvekstavtalen, ønskjer fylkeskommunen å halde Miljøløftet orientert om saka.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 54/25 Partane har vedteke handlingsprogrammet til Miljøløftet

Sjå vedlegg 6

Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2026-2029 har blitt handsama i dei ulike lokalpolitiske styra. Denne saka har som formål å orientere partane om vedtakspunkta.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Dei lokale partane er sjølv ansvarleg for å ivareta sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane av handlingsprogram.

Sak 55/25 Orientering om misbruk av samkøyring

Sjå vedlegg 7

Prøveprosjektet om samkøyring starta hausten 2023 i Askøy og Øygarden, i samarbeid med samkøyringsaktøren Nabogo. Prøveprosjektet skulle gi kunnskap om samkøyring til Skyss og samarbeidspartnarane i Miljøløftet.

Avisene Vestnytt og Askøyværingen har i sommar sett søkjelys på misbruk av samkøyringsappen på Askøy og i Øygarden. Dette har vore misbruk som ikkje har blitt avdekka av gjeldande kontrollrutinar. Ein gjennomgang etter avisoppslaga viste få misbrukarar. Det er planlagt ei rekke tiltak hausten 2025 for å gjere det vanskelegare å misbruke ordninga, og frå fylkeskommunen blir det vist til at det har vore nyttig at forbettringsområde har kome fram i prøveprosjektet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 56/25 Dette skjer i Miljøløftet

Sjå vedlegg 8

I denne saka vil sekretariatet orientere heilt kort om aktivitetar i Miljøløftet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 57/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Ingen saker er meldt inn